

Ref. nr. XUEZEL

Årsmelding for Hella bedehus, 16. februar 2014.

Årsmøtet i fjor vart halde 17. februar, med bra frammøte.

2013 har vore eit år med mange ting å gle seg over.

Frammøtet av vaksne til ulike aktivitetar på bedehuset har hatt oppgang, sjølv om det framleis er god plass til fleire.

Året starta med julefest ved Frelsesarmèen sitt korps i Ladegården. Over 40 møtte fram. Så godt som alle var vaksne. Også møtet ved Frelsesarmèen 2. påskedag var godt besøkt. Nytt i 2013 var at Frelsesarméen kom til Hella for tredje gong i slutten av oktober.

Påskemåltidet om kvelden palmesøndag samla rundt 50 menneske.

Det har elles vorte halde tre song- og musikkmøte, utan langvegsfarande aktørar, alle med godt frammøte. Etter tre år med song- og musikkmøte 1. søndag i advent, må me rekna det som ein tradisjon. Gjester i år var søstrene Ingrid og Marie Raknes.

17. maifesten var det også god oppslutnad om. Her var Gunnar Kartveit festtalar.

Møta ved bymisjonærane Vindenes og Myntevik har vore godt besøkte. Det same har dei andre song- og musikkmøta òg.

Talarar elles i året har vore Roald Evensen, Audun Hjellvik og Reidun Skurtveit fra Nordhordland Indremisjon, og Kjell Iversen fra Misjonssambandet.

Sommarbasaren 19. juli var ei stor oppleveling. Mange møtte fram, og rekorden som vart sett i fjor auka med 5025 kr, til kr 106.425.

Både NLM- foreninga Solrenning og Mangarano-foreninga har i tillegg hatt basarar med godt frammøte og store summar som resultat. Takk til alle som står på i ei tid der ordet misjonsbasar byrjar å verta eit lite brukt ord mange plassar.

Frammøtet til Aktivitetsklubben har vore større i år enn i fjor. Eit gjennomsnitt på rundt 12 born er ikkje verst. Spesielt takk til Sølvi som ikkje miste motet og gav opp etter labert frammøte året før.

Me starta 2013 med ei gjeld på nesten 157.000 kr.

Ved utgangen av året var dette snudd til ein positiv kapital på 85.600 kr.

I samband med den universelle tilrettelegginga, søkte me om kr 125.000 i tippemidlar, og fekk i haust tildelt denne summen,- etter å ha fornva søknaden etter avslag i fjar.

Styret har berre hatt fire styremøte i 2013. Saker som ville kosta noko har ikkje vore aktuelt å ta opp før me hadde økonomi til det. Det har vore spennande nok med to år utan balanse i rekneskapen. Men det trengs ein del utbetringer både ute og inne.

I år som i fjar har eg hatt med meg Sølv som nestleiar, Nils som kasserar og Else og Jorunn som styremedlemer. Varafolk har vore Gudrun Rikstad og Inger Christensen. Tusen takk for eit godt arbeidsår i saman. De er ein fantastisk gjeng å jobba saman med, både de som er i styret, og de som stiller opp som frivillige! Alle finn sin plass og sine oppgåver uansett kor eg som leiar befinn meg, og då er det ikkje farleg å ha ein slik funksjon.

I år er det Sølv, Nils og Else som står på val, i tillegg til Gudrun og Inger som varafolk og Åsmund Stray Nordberg som revisor.

Hella, 15. febr. 2014

Steinar Vågenes
Steinar Vågenes